



NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår til konsesjonsplikt for bygging av Bolstad mikrokraftverk i Vetleelvo i Fusa kommune

Fylkesmannen rår til konsesjonshandsaming for å få betre kunnskapsgrunnlag for tiltaket. Det er viktig å gjere vurderingar knytt til samla belastning på landskapet før ein gjer vedtak i saka.

Fylkesmannen viser til høyringsdokumenta, som gjeld spørsmålet om konsesjonsplikt for bygging av Bolstad mikrokraftverk i Vetleelvo i Øvre Hålandsdalen.

Det er planlagt bygging av inntak i elva ved ei demning på 3 meter på kote 110. Røyrgata skal gravast ned langs elva, til kraftstasjon på 30 m² som skal plasserast nær eksisterande veg. Elvestrekkje som vert berørt er på 315 meter. Ein planlegg minstevassføring tilsvarande alminneleg minstevassføring, som er 14 l/s. Installert effekt vil vere på 2 x 80 kW, middelproduksjon per år 0,730 GWh.

Fylkesmannens merknader

Saksdokumenta gir svært få faktiske opplysningar om naturmangfald og friluftsjnteressene i området. Turområda opp mot området Gjonakvitingen har tilkomst frå Hålandsdalen. Biologisk mangfald i tiltaksområdet er dårleg undersøkt. Frå før er det tre utbygde vassdrag i Øvre Hålandsdal, alle med synlege inngrep knytt til særleg til vegbygging og redusert vassføring i vassdraga. Sett i lys av at dette er eit svært trngt dalføre med små avstandar, vil nye arealinngrep kunne bli svært synlege og dominerande. Vi viser til foto under.


Fylkesmannen vil rå til at det ikkje vert gjeve løyve til fleire til fleire utbyggingar i Hålandsdalen før ein har vurdert samla belastning på landskapet i relevant influensområde. Vi rår til konsesjonsplikt for Bolstad mikrokraftverk.



*Øvre Hålandsdal, Fusa kommune, sett mot
Tveitaskaret kraftverk og Eitro kraftverk*



Brattøra kraftverk, Øvre Hålandsdal



*Utløp frå Brattøra kraftverk, Øvre
Hålandsdal*

Foto: Fylkesmannen i Hordaland, august 2014

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/
Bergen Turlag
Fusa kommune
Hordaland fylkeskommune

Tverrgt. 4/6 5017 BERGEN

Postboks 24 5649 Eikelandsosen

Postboks 7900 5020 Bergen